

Seterdrift og markslått i Nord-Østerdalen

Av Engebret Eggen

Setergrenda er framleis ein realitet i nordre Østerdalen. Markslåtten er det heilt slutt med.

For å nemne seterdrifta først, så er garden og setra framleis knytta saman i arbeid og kvile. Setergrenda er, både i namnet og i gagnet, minne som lever og blømer i ein frisk dåm frå ungt lauv og grøne beitekåser frå lyng og villgras i lier og vide leiter med vindsus frå fjell over myr og floe og mosegrå hø, der ris og finntopp og molteblom lyser i eit myrullkvitt eventyr.

Setergrenda er romantikkens «høgborg» i våre vakre fjellbygder, med tradisjon og minner - gullkanta og signerte i generasjoners arbeid og slit i nøysomhet - og trivsel - gjennom århundreder.


Denne setertradisjonen har djupe og sterke røter i våre otter. Den logar og brenn like klårt, anten me minnes setervollan slik den syner seg i hустre snøyr og kald nordavind ein junidag ved jonsok, der den leikar seg i snøkvit hegg attmed setervegen. - Ein septemberdag i fargespel og avskilstegn, der haustsol glør mot stengte dører og med i denne minnekransen som har si rot og tåg i setergrenda.

Mykje av den gamle seterdrifta og markslåtten lever i segn og minne. I faret av ein attgrodd sti og i tråkket etter buskap, som reksta til og frå beitet, kan me finne fram til ein gammal setervoll der skog og villgras gror opp millom loftsteinar og morkent tømmer. Og i attgrodde morkkåser, der ljå og rive og høyberging gjekk for seg i gammal tid, står i dag ei einsleg løe eller bu (ljørbu) og luter under takskjegget.

Det var ikkje seter under kvar gard. Mange brukte heimehamn. Dei nytta da utmarka kring garden til beite og hadde rett til å hamne der heile sumaren med eit visst antal storfe og småfe. Men storparten av gardane måtte ha seter, og dei første set-

rane vart da bygd i utmarka nære bygda. Etter som tida gjekk vart det trongt om beite i utmarka nære gardane, og seter-grender med hamnerett bort frå garden. Den første setra vart da nytta til vårseter og setra lenger unna vart brukt som sumarseter. Dette systemet utvikla seg slik, at sume gardar hadde tre og opp til fire setrer som dei flytta millom. Men som oftast vart det med tri. Det var vårseter, sumarseter og noko som vart kalla haustvoll. Denne låg da nærare heimen, og desse haustvollane kan ikkje ha vore i bruk i mi tid eller i siste hundre-året. Det vart for dyrt og strevsamt å halde alle desse setrane i stand med hus og gjerder (hafeller) og innbo. Mykje tid gjekk med til flytting millom alle desse setrene. I vår tid er for det meste berre ei seter i bruk, og mange ødevoller finn ein i markom. Kulturbeiter og fellesetrer er teken i bruk. Og for sau og gjeit er det ordna med felleseter i fjellet.

Medan markslåtten var i bruk, var det omsynet til denne som var skuld i at så mange setrer vart brukt. Sume markslåtter vart freda annakvart år. Der skulde ikkje beites medan markslåtten gjekk for seg, og buskapen måtte da finne beite i ei anna setertrakt. Dei slog og hesja i markom både før og etter slåttona heime på garden. Heile sumaren gjekk med til å samle for til



dyra gjennom ein lang vinter. Desse slåttene i fjell og seters-trakten var verdifulle, og det kunne hende at ein friar som kom og fann seg eit kjerringemne på garden, fekk ein markslått i medgift med ungvona. Ein god slåttkar og ei flink rakstkulle var etterspord. Slike folk voks ikkje på kvar grein.

Det var ein bonde oppe i Vingelsgar'n som skulde slå finnskjegglåtten på Langsetra. Sjøl var han ein kvass mann med ljåen og finnskjeggen kravde godt «bett» i stålet. No hadde denne bonden festa ein slåttkar som kom vandrane over fjella frå Lom i Gudbrandsdalen. Det kom mange slike valsande til Vingelen og vilde ha onnearbeid. Gudbrandsdalen var folkerik den tida på 1700 og 1800 talet. Desse «dølene» var som regel gode arbeidsfolk, men det kunne hende at ein og annan av deim ikkje hadde lært å halde ljåen kvass. Det var ei konst som ein slåttkar måtte kunne.

Desse to kom da på Langsetra, og det bar til med slåttten. Bonden sjøl gjekk først i skåra, og det bar som vanleg noko kvasst i veg. Slåttkaren frå Lom fylgde hakk i hæl og bonden auka farten, han var ikkje vant å bli skårjaga. Endskapen vart at bonden måtte ta brynet, for ljåen vart stiv i eggen. Det synt seg da, at slåttekaren hadde teke berre toppen av finnskjeggtustene, det meste stod att i skårn hans. Bonden vart noko hard i mælet og ytra: «Du fæ sjå åt å få mæ dei alt». «Eg gje alle sama lauet eg». var svaret.

Marit Nordvang fortalte meg om ein gong dei var på veg til markslåtten nordom Gjera. Elva var stor, så det var vanskar med å koma over. Men over måtte dei og sette seg så på toppen av vognlasset og dreiv hestane ut i vadet. Elva var stor etter regnflom, det var såvidt hestane hadde fotfeste, men vatnet flauma over vognkista og kleder og mat for ille. I brødkassa var alt vørten til graut, så dei måtte bruke skea når dei skulde eta kake. Og slik vart det heile uka, det var ikkje tale om å ta den lange vegen heim etter kake og brød. Men grynmjølet fekk dei berge, og i elva tok dei fisken, så det kunne bli både smørgraut og fisk i blant.

Det kunne vere tøvsamt mang ein gong, særleg når tunt høyt skulde bergast inn i løa. Det kunne vere solblankt og fin høytørk, når dei drog heimefrå, og så kom regnet når dei kom fram til «slåtten». Det var inga vermelding å få den tida. Det var berre dei gamle vermerkjer og merkjedagar å halde seg etter. Slike

som «Marit Vassause 20. juli» og «Jakob Våthatt» 25 juli måtte me rekne med, sa gamle Marit. Men etterpå kom ho fram at «at jammen kunne det vere triveleg i markslåtten og, når høyet var vel berga i løa og den fine dåmen møtte deg. Og slåttkåsan sto att som dei fineste parker med sol over haustgult lauv millom kvite bjørkestammer.»

I Markslåtten

Attmed ein buvegg i slåttekåsa
eg sitt og drøymer opp i Tovtjønnåsa
Om folk og tider og år som svandt,
der farne slekter sin livstråd spandt.

Og ljåen sjoa i blom og strå,
for mannen bakom var sterk og brå
Ein brynstokk dingla på livjordkroken
i slåttetakt attpå vadmelsbroken

I skåra låg der ein stein på lur
som helsa gnellhardt mot egg og stål
Det sokk i mannen, han grein og svor
der handa snøgt atti brynet for

Men raksterkulla huja ende ut - «sjer du itt sten,
æ du blind du gut!»
Ho kasta riva og tok ein kvil -
men låg der gøymt bak så løynsk ein smil

Men dagen slutta med slipsteingnålet
Det høyrde liksom til folkemålet,
og kveldsolglimen i blanke stålet
bar godversbod inn åt tyribålet.